

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lindås.

Emne: Død og begravelse.

Bygdelag: Indre Nordhordland.

Oppskr. av: Lærer M. Toft

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18, Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dødsvarsler.

1. Varsel dei fekk under sitt arbeid.

Når materialane til eit arbeid rakk akkurat til, så var vedkomande feig. Var ein mann bygningsmann, og det rakk akkurat til med siste stokk eller siste bordenden, ja, så var det siste huset mannen bygde.. det same var tilfelle med kvinna som vov veven, vart det korkje for lite eller for mykje vekt til å få veven ferdig, så var det siste veven ho vov. Og så var det i alt, fylte dei siste stråa akkurat den hesa som dei hesja i - så var det einkvan av dei som ikkje vart med å hesja i den hesa meir. Slik tok dei seg merke av alt. i sitt arbeid.

Varsel ved dyr og fuglar.

~~Nokre fuglar~~ Nokre fuglar vart kalla ufuglar eller feigdefuglar m. a. kattugla. Ein kan ikkje nekta for at folk i einskilde bygder tykkjer lite mun i denne fuglen, at det fylgjer ei viss uhygge med han - serleg i dei myrke haustkveldane når dei set oppe i bergufsene og set ut dei kaldslege uhu-skrika sine. Kjem ho så inn til heimehusa,

set seg opp i eit tuntre eller ei flagstang og skrik "Ut-u-ut", ja då er gamlefar eller gamlemor inne i stova visseom at dei har ikkje lenge att. Og dei yngre kjenner seg ikkje retteleg trygge der dei sit dei heller.

Endå er det gamle folk i bygda som veit å fortelja om slike som fekk førevarsel om død ved kattugla. Flaggermusa var og ~~ein fukt~~ eit dyr som ikkje var var velsedd.

Gauken var og ein spåmann i sāmåte. Hørde ein han gala ~~for~~ i nord førstegången om våren var han någaurk, og ein kunne rekna med å vera død før eit år var gådd.

Ein kunne og fåfeigdefisk. Fekk ein unaturleg mykje fisk på liner, garn eller på andre måtar & kunne ein rekna med at ein snart fekk bruk for gravferdsfisk. Det var og ufiskar som ein tok seg merke av. Hadde hunden lagt seg eiter eitt golvbord inne i stova, ville ein snart få fretta dødingar. Det same ville henda om strå eller pinnar merkte seg ut ved å liggja i kross. På sjø og land, i skog og mark kunne det blåe nåljaset syna seg for dei i myrke regntunge haustkveldar - på mastetoppar, båtkeipar og båtstamnar, på rotnande pålar og gardstaurar - og på stuvar og stakar. Mange var dei måtar som ånderverda kunne varsla menneske på, om sjukdom og daude. Kom så varksla ved føreferd då dei kunne både sjå og høyra dei som var feige, så var ringen slitta - eit liv i ovtru, fåkunna og ofte i vonløyse og.

2. Serleg var julehø^{r/}tida rik på varsel, og når det galdt dødsvasel. Ved gravfed kunne ein få ymse slags varsel. Rende ein bort i dørkarmen med kista når ein bar liket ut, ville den døde ha nokon i huset snart etter seg
3. Veit ikkje noko serskild her i bygda.
4. Ein mann her på Toft fortalde sjølv med meg at han ei tid var synsk. Han fortalde: " Det var ein dag eg fekk minning om at eg måtte gå til grannegarden for det var hendt noko i ei smidja. For at ikkje folk skulle tru at eg gjekk utan ærend, tok eg ei kipa på ryggen og gjekk til smidja. Der hadde grannen min, han Helge, hengt seg, og eg tok og skar han ned med ein gong. Men eg var for sein, Helge var død".

Det hende fleire vender at han fekk førevarsel, "men så tok folk til å ha morro om meg", sa han, "og så slutta eg til å gå når eg fekk ei minning".

5. Feigdalus hadde dei tru på. Ho kom ikkje lenge før nokon døydde, men vart borte att alt før gravferda.
6. Sume fekk ein sterk hunger straks før dei døydde. Det var grava som kravde sitt, sa dei. Dei herma etter ein mann at han ville ha "reisemålet" sitt.
- Dødslega.

Veit ikkje noko om punkt : 7, 8 og 9.

10. Deisende alltid bod etter presten - om tida gav høve til det.

Grannane hadde på eg å henta presten. Det var fult mannskap på skyssbåten, og veret hefte ikkje - ikkje arbeidstida heller. Ingen ting hefte korkje prest eller skyss når den døyande ville ha sakramentet.

11. Presten tok på seg kappe og krage, fekk lagt duk på eit lite bord attmed senga, ein ellr to ljosestakar ~~xxxxxxxxxx~~ med ljøs vart sett bort på og hostien vart og lagt på bordet. Presten syng og ~~talax~~ talar for den sjuke. Presten spør den sjuke om det er noko serleg han vil vedkjenna for presten og få tilgjeving for, og om den sjuke i såfall vil at dei andre skal gå ut. (Presten har teieplikt) Etterpå delar prestesten ut natverden, det hender at "pårørande" og tek del i nattverdshandlinga. I gamle dagar tok ikkje dei andre del - då skulle dei gå to gonger for året til altars - haust og vår - og då gjekk dei i kyrkja.

12. Dei send sume tider bod etter vener for å ta avskil, eller uvener for å gjera opp.

13. Det hende vel at dei døande gav viljen sin til kjenne, både når det galdt gravferda og andre ting dei skulle ordna etter han.

Tida mellom dødsfallet og gavferda.

14. Om ein som er død seier dei: Han er død, sløkna, søvna, fløtta, andast, sloppen ---.

15. Det hender dei legg øyra ned åt munnen til den døde og høyrer om anden er stilna.

16. Veit ikkje om ~~xxx~~ skindøde her i bygda, korkje i førtid eller notid.

17. Ein prøver først å få augo til å halda att ved å trykkja loka ned med fingren. Veit ikkje om at dei har nytta mynter til dette.

18. Ein bind underkjeven opp med ein duk, eller og set ei samebok under haka.

13637

19. Då dei ^ftong om hjelp til å stella liket, vart nokon av grannane straks varsla - om det var ei kvinna som var død, sende dei bod etter grannekoner- ei eller to - var det ein kar som var død, sende dei og bod til ein av mennene til ei av konene.
20. Elles var det ikkje noko visse reglar for kven av grannane ein skulle send bod etter ved slike høve. dei kvinner og dei menn det kunne vera tale om peika seg vel helst sjølv ut i fylgje den posisjon dei hadde vunne seg i grannelaget - folk med vyrdnad og tiltru og praktisk sans. Politisk og økonomisk posisjon hadde ikkje noko å seia ved slike høve. Det var ein vaksen person av den døde sine næraste som gjekk med det første bodet.
21. Har ikkje høyrte noko om at husdyr skulle varslast.
22. Eit vindauga vart opna og eit kvitt lakan hengd attfor. Dei stogga klokka.
23. Ein tok så på å vaska og stella liket. Ein kledde då gjerne på det ei ~~kvit~~ kvit bestskjorte som den døde sjølv - om det var ei kvinne - hadde ^{sett ut} laga til. For gifte menn var det ikkje uvanleg at brudgomskjorta vart teken fram no og nytta. Hendene vart så folda og ein kvit duk lagt over andletet. Liket vart så liggjande i senga til det godt og vel hadde ^{var}
24. stivna. Dei kom så att når det leid på dagen eller om kvelden og la liket "fram" eller "i benken", som dei og sa. Hadde den døde lege i daglegstova medan han var sjuk, flytta dei no liket ut i eit anna rom
25. - eit siderom, ei bu eller ei gamal stove. ~~xxxxxxx~~
26. Dei sa ikkje her at "dei låg på likstrå", men dei "låg lik".

27. Senghalmen vart brend ved tid og høve utan noko sers sermoniar.
28. Var det smittsam sjukdom avlidne var død av, vart mykje av kleda hans brend saman med likhalmen.
29. Likstrå er ukjend her.
30. Det var ikkje fast tid for stell av liket. Sjå elles kva som er sagt om dette i punkta framanfor.
Det sam gjeld punkt 31 og 32.
33. Hret vart stelt, men ikkje klipt.
34. Menn vart barbert.
35. Neglene vart klipte.
36. LIket vart vaska.
37. Ein veit ikkje om at likvatnet~~xxx~~ vart nytta på nokon måte.

Likkler.

Når liket var vaska og framlagd, kom nokre av karmennene på garden som var flinke snikkarar og tok på med arbeid av kista. Serskilde materialar til dette bruket hadde dei liggjande på garden til ei kvar tid. Likkisteborda var breide utsøkte bord av beste kvalitet. Dei var lagde til sides, utskild frå annan material - og låg anten på naustskukken eller løeskukken.

Når kista var ferdig, kom dei næraste grannane - slike som hadde hjelpt til før - og la liket i kista. Var det ikkje nokon av desse som var før til det, hadde dei no send bod etter ein mann som kunne halda ein liten andakt når liket var kome i kista. Likklerne hadde dei og som oftast liggjande ferdige.

38. Dei sa dei la liket i kista og sveipte det.

39. Veit ikkje anna namn enn ~~ix~~ likklerne.
40. Ein hadde likskjorte, lakan, sveip-duk.
Skjorta var oftast fotsid. Liklakanet var noko lenger enn kista
41. Dei hadde ikkje brurelakan i gamle dagar.
42. Som nemnt tidlegare hadde dei ei kvit lereftsskjorte på liket når dei la det i benken. Denne skjorta tok dei ikkje av att når dei kledde på likskjorta, og la liket i kista.
43. Sjølv om dei nytta brurelinet eller brudgomskjorta hadde dei likskjorta ~~xxx~~ utattpå - altså ei spesiell likskjorte til dette bruket.
44. Likkléda skulle vera av lin.
45. Det var ei skam om ikkje likklerne skylte liket.
46. Dei nytta ikkje sokkar og sko på liket her heime på landsbygda - det var i byen dei nytta sokkar.
47. Dei gifte kvinnene måtte alltid ha lindhuer eller linkappar - det vanlege hovudp^lagget som skilde dei ut frå dei ugifte kvinnene i levande livet.
48. Elles var det ikkje nokon skilnad på gift og ugift eller ung og gamal.
49. Veit ikkje om at barselkvinner hadde serskilte likkler.
50. Blonder vart ikkje nytta langs kanten av kista.
51. 1920 åra var ei overgangstid både når det galdt å kjøpa likkléde og å ferdige kister. Etter kvart går den skikken ut at dei hadde likkledda liggjande ferdige og sameleis med likkisteborda.
52. No fylgjer likkledda saman med kista, Likkléda er av papir.
53. Ein seier at svøypen føl med i kista.

- 9
54. Ein har ikkje høyrte noko om det at berøring av likklede skulle hjelpa for sjukdom.
 55. Har heller ikkje høyrte noko om det at det var farleg å koma bort i likklede eller at ein kunne ~~ikkje~~
 56. kurera born med svkk ved å bera dei rundt kista.
 57. Mynt var ikkje nytta i dette høvet i det heile.
 58. Viser til opplysingar som er gjevne i punkta før.
 59. Dei slutta med trenaglane når spikrar av jarn vart tekne i bruk i snikkarfaget.
 60. Dei nytta bastetog i kista til å bera etter.
 61. Det var grannane som laga kista.
 62. Dei heimelaga kistene var oftaste umalte.
 63. Det var fyrst når dei tok til å kjøpa kistene at den skikken kom at dei skulle kvitmala dei.
 64. Det skulle ikkje vera skore nokon opning i kisteloket.
 65. Til underlag i kista nytta dei hyvelspon.
 66. Puten i kista vart fylt med halm.
 67. Kista vert no kjøpt ferdig og er kvitmåla. Svøypet fylgjer med kista.
 68. Ein veit ikkje av at dei døde fekk noko med seg i kista. Eg kjende likevel ein gamal mann - ein hestehandlar- som fortalde meg at når han miste ei tann så tok han ho med seg i lumma når han reiste til kyrkja. Der stakk han tonna ned i jorda på grava til mora si. Det var truleg ein gamal syn som frå gamal tru som hang att hjå denne mannen.
Veit ikkje noko å fortelja om punkt 69, 70, 71, 72 og 73.
 74. Dei heldt ei andaktsstund då dei la liket i kista. Då salast folket i huset og elles dei som hadde vore med og hjelpt til ved alt som vedkom stell av liket.

Dei hadde då og fått ein mann med seg som var før til å halda andagt. Denne mannen kunne vera ein av slekta som var komen, ein ven eller ein god granne. I det det heile var det ein mann dei trudde seg til i tunge stunder som kunne gjeva både hjelp og trøst om det ~~trøngst~~ trøngst.

75. Så bar dei kista med liket til eit uthus t.d. i løa.
76. Etterpå fekk folket mat, og no vart planane for likferda og tilstellingane elles omtala og lagde av dei næraste og elles slike som vart tekne med på råd. Noko dans eller annan morro hadde dei ikkje.
- 77, 78, 79, 80 ~~og~~ 81 har ein ikkje noko opplysingar til.
82. Liket skulle liggja med føtene mot døra.
83. Loket var lagd på kista.
84. Andsiktsduken var ein firkanta linduk pålag så stor som ein stor lommeduk.
85. Eg trur dei kalla han sveitteduken.
86. Dei såg liket medan dei held andakt når dei la det i kista, og på gravferdsdagen når dei held talar over liket. No er det slutt med dette. Dei som vil sjå liket kan få sjå det gravferdsdagen i løda eller der liket står. Der vert så kisteloket skrudd til, kista pynta og boren på plass det folket skal samla seg - anten ute i tunet om det er fint ver, eller inne i stova.
87. Her er ikkje gravkapell i vår bygd.
88. Dette spørsmålet fell bort.

Sorg.

89. Det skulle gå stilt for seg på garden så lenge liket stod der.

90. Vask og førebuing til gravferda var alt som skulle gjerast i den tida. I gamle dagar skulle dei og byggja gravferdsøl.
91. Det var ikkje snakk om noko syrgjetid.
92. Fell bort.
93. Kvinnene gjekk helst sv^{rt}tkledde.
94. Enkja hadde ikkje noko serskild syrgjedrakt.
95. Eit ordtak er: "Han syrgde som ein hedning." D. v. s. at han syrgde som om han ikkje visste om noko betre liv etter dette.
- 96, 97, Har ingen ting høyrte om det.

Syngja ut liket.

98. Det var ikkje noko bestemt vekedag gravferda skulle haldast.
99. Dei nytta enno mykje godt ordet ~~gxx~~ begavelse, men gravferd vert meir og meir nytta. Men elles seier dei fleste t. d. "No fer likferda framom.
100. Liket vart sunge ut anten ute på tunet eller inne i huset alt etter kor veret var eller kva årstid det var.
101. Før tok dei loket av kista, men ikkje no lenger. I dei siste 20 - 30 åra har dei slutta å ha kista ~~nn~~ open under andakten i heimen før dei ber liket til kyrkjegarden.
102. Då dei ikkje ha~~r~~ korkje kapell eller kyrkja ved gravstaden her, gjer dei andakten og kransepåleggjinga og t^lane frå seg heime før dei går til gravstaden.
- 103, 104, 105, 106, 107, 108, og 109. Lys vart ikkje nytta.
- 110, 111, 112 og 113. Ein veit ikkje om at dei hadde likvåka eller gråtekoner her i bygda.

113. Dei song liksåmane på vanleg måte.
114. Det er no vanleg at presten er til stades i heimen og hêld tåle.
115. Det er serleg vorte skikk etter siste verdskrigen, og ikkje minst sidan det offentlege tek på seg alle utloger ved slike høve.
116. Før når ikkje presten var tilstades, gjekk det føre seg omlag likeeins som no.
117. Ein veit ikkje om at dei nokor tid har drukke vel ~~farskål~~ farskål.
118. Fell bort.
119. Dei som bar like⁺ ut var oftast dei sterkaste karane i grefta.
120. Dei pårørane skulle helst ikkje vera med å bera.
121. Det same er tilfelle no også.
122. Liket skulle berast ut med fotenden føre.
- 123, 124, ~~125, 126~~, Veit ikkje noko om dette.
125. Det vart strødd med bar på tunvegen til den offentlege bygdeveg.
126. Det er ikkje nokon bestemt skikk som seier at dei skal setja kista ned på tunet.
127. Ingen - korkje berarane enn andre fekk skjæk.
- 128, 129 og 130. Alle som har høve til det fylgjer med til kyrkjegarden.
131. Det er vel sume som tykkjer det er ei ære med eit stort gravfylgje.
132. På tunvegen har dei einebar - elles ikkje noko.
133. Dei andre gardane pyntar ikkje.
134. Det er vanleg å heisa flagget på halv stang i bygda - serleg på dei gardane der likferda fer forbi.

- 135. På gardane langs kyrkjevegen og elles hjå slekt og vener i bygda.
- 136, 137. Flagga går til ~~top~~ tops når likferdfylget ~~er~~ er heimattventande frå kyrkjegarden.
- 137. Sjø ovanfor.
- 138. Dei faggar ikkje på halv stang no heller.
- 139. Likfylget stansa ikkje for kvar gard, men dei song eit vers eller to for kvar~~e~~ tun dei ~~fer~~ framom. Det gjer dei endå.
- 140. Folket på gardane står stille og ser på når fylgt fer forbi.
- 141. Dei song og ved gardar dei for forbi med båt.
- 142. Ein har ikkje høyrte at likferdsfolk skulle ropa eller hosta i gjevne tilfelle.
- 143. Ein har stadnamn i bygda som vert kalla Likhaugen. Likeeins har ein stader ned med sjøen der dei tok likkista inn i båten som er kalla Likberget.
- 144. Ein veit ikkje om at ein ikkje kunne setja kista ned på marka., Nok er det at berarane bytest alltid
- 145. medan liket vert bore.
Når ein kjører kista til kyrkjegarden, dekkjer ein ~~kista~~ vogna med granbar før ein set kista på.
- 146. Ein svart likhest var no det som mest høvde~~nde~~ *nde*
- 147. Veit ikkje om at hesten ikkje måtte ha føl.
- 148. Ein måtte kjøra langsomt då songarane gjekk føre og song.
- 149. Dei kjørde ~~frare~~ på heimvegen, men ikkje noko kappkjøring hadde dei.
- 150. Det var ikkje nokon bestemt mann som kjørde likvogna.
- 151. Kjøraren gjekk ved sida av likvogna.

152. Sangarane gjekk og framføre vogna
 153. Veit ikkje noko om slik transport.
 154 og 155. Har ikkje høyrte noko om dette.

På kyrkjegarden.

156. Det var som oftast same gjengen som tok kista av vogna att og bar ho i kyrkja som hadde bore kista frå heimen og fram til vogna.
 157. Dei reidskapar dei hadde bruk for hadde dei i eit lite reidskapsrom under kyrja.
 158. Det var sokna som åtte reidskapane.
 159. Sjå ovafor.
 160. Dei gjorde ikkje noko med likhesten.
 161. Presten møtte opp i kapp og krage ved inngangen til kyrkjegarden og gjekk føre likfylget saman med songarane inn i kyrkja.
 162. Kista vart ikkje boren rundt kyrkja, men beinveges inn.
 163. Kista vart boren inn i kyrkja.
 164. Dei song ein salme med dei bar kista til grava.
 165. Kista vart ikkje boren rundt grava.
 166. Det vart ikkje ringt når det var jamna over grava.

~~167.~~

Grava.

167. Bygda fekk eigen gravar sikkert før 1890.
 168. Eg har høyrte sume kalla gravaren for kulegavar. Veit ikkje kva namnet kjem seg av.
 169. Det var folka som høyrde grefta til som sytte for at grava vart oppkasta. Hadde dei lang veg til kyrkjegarden, gjekk dei før likfylget stad og kasta opp grava.
 170. opp grava.

Det var dei same som kasta grava att når dei andre ~~ixlikfx~~

13637

i likfylgje var gådde.

171. Det var aldri jordfesting med det same i gamle dagar.

172. Den døde hadde fått ein fast tilhaldstad når han var kasta jorda på.

173. Dei sette eit merke på grava til jordfestiga kom.

174. Dei sette ofte ein trekross eller planta eit tre på grava i eldre tid.

175. Det er helst om våren gravene vert stelte her. Det er nok nokre få som fylgjer skikken frå byen og kransa grava jolaftan.

Serlege tilfelle.

176. Ein sjølvordar vart stelt likt med andre i heimen.

177. Kista til ein sjølvordar vart lyft over kyrkjegardsmuren.

178. Veit ikkje noko om det.

179. Grava til sjølvordaren var i utkanten av kyrkjegarden.

180.181. Lika stakk dei inn i kyrkjemuren.

Gravøl.

182. Dei nyttar no ordet begravelse eller gravferd.

183. Det var husbonden - husfaren sjølv som gjekkog bad i begravelse.

184. Bealaget var den vanlege grefta - ei samling gardar som var sjolvsagde til å vera med.

185, 186 og 187. Veit ikkje noko om dette.

Det same gjeld 188 og 189.

190. Gravølet varde til vanleg i 2 dagar.

191. Det var 4 måltid kvar dag.

192. Til begavelsemiddagen nytta dei kjøtneller fisk, noko meir veit ein ikkje om det.

193. Ein veit ikkje om noko skilnad på maten.
194. Nokor regel for at dei næraste slektningane skulle vera fri tilstellingane var det sikkert ikkje for dei som hørde huset til
195. Då alle gifte personar i grefta var sjølvskrevne å ver med i gavferda, er det rimeleg at arbeidet heime på gardane - og onnearbeid~~o~~ laut kvila i allfall gravferdsdagen.
196. Gjestane hadde i allfall mjølk, rjome og smør med seg - gamle folk kan endå minnst det. Kva meir dei hadde i eldre tid veit ein ikkje.
197. Dei hadde sendingane med seg.
- 198, 199 og 200. Veit ikkje noko om dette.
201. I første tida dei gjekk over frå 2 dagar i gravferd til 1 dag var det dei som hørde til grefta som reiste heimatt etter 1 dag og dei langfarande og slekta var att 2. dagen.
202. Etter at ein slutta å bryggja heime, gjekk det litt etter kvart ut med rusdrykk i gravferd. Så seint som i 1910 minnest eg at dei hadde heme-laga øl i gravferd her. Ølskåla gjekk rundt på gamal vis mellom gjestane, men det var ikkje misbruk.
203. Nei, heimebrygg og sendingar heldt seg lenger ved bryllaup.
204. Det kan godt henda at det å senda krans er ei avløyning på dei sendingskikkane.
205. Dei første kransar tok dei vel til å bruka her i bygda ved århundreskifte. Dei fyrste kransane laga dei heime sjølve - ofte av millebærris, lyng, eikelauv ~~sk~~ -----.

207. Ein brukar no ofte silkebånd på kransane. Den skikken er no gamal - sikkert frå første verdskrig si tid.
208. Dei kransar som ligg på kista i grava er slike som er vortne lagde på kista før. *ho var midt i grava*
209. Kransane vert liggjande på gravstaden og tekne bort etter kvart som dei misse glansen sin.
210. Ein har ikkje her i bygda nokon spisestad utan *om* heimen. I heimen får gravferdsfolka middag og kaffi når dei kjem heim frå kyrkjegarden. Sume er no og slutta med middag og byd på kaffi og smørbrød. Det vert ikkje nytt alkohol. Der dei har bedehus i bygda, held dei seg ofte der med graferda. Der dei har kafear får folk seg mat der.
211. Sjå ovanfor.
212. Ein kan vel seia at det ikkje er stort meir enn *så* 30 - 40 år sia dei meir og meir tok til å lysa dødsfalla i avisen *(her ute på bygdene.)*